

Haukvik Kraft-Smolt AS

7203 VINJEØRA

Vår dato: 08.04.2019

Vår ref.: 200709827-59

Arkiv: 312 / 113

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Søknad frå Haukvik Kraft-Smolt AS om endring av vassdragskonsesjon, Hemne kommune, Trøndelag – oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 19.12.2012 om planendring i høve vassdragskonsesjon av 07.05.2009.

NVE meiner at kriteria i vassressurslova § 25; *"Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet"*, ikkje er oppfylt. NVE gjev ikkje løyve etter vassressurslova § 8 til overføring av Gammelseterbekken (frå Storlivatnet) via open kanal fram til Skytnesbekken, og framføring av veg via Storlivatnet opp til Middagslivatnet.

NVE vurderer at fordelane knytt til 0,35 m auka regulering av Skittenholvatnet er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Haukvik Kraft-Smolt AS løyve etter vassressurslova § 8 til regulering av Skittenholvatnet med tilsaman 3,00 meter mellom LRV kote 380,10 og HRV kote 383,10.

NVE meiner at det føreligg særskilde grunnar for at delar av konsesjonen av 07.05.2009 må gjerast om, jf. vassressurslova § 28, for å hindre spreiding av krepsepest og betre forholda for vassstilknytte artar. For å hindre spreiding av krepsepest opphevar NVE vilkår om slepp av minstevassføring frå Oppsalvatnet og Skittenholvatnet. NVE opphevar også løyve til overføring av Skytnesbekken til Skittenholvatnet for å sikre minstevassføring til elva Spjøta.

Slepp av minstevassføring frå Middagslivatnet vert endra frå 20 l/s til 15 l/s heile året, jf. vassressurslova § 28.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i vedlagt bakgrunn for vedtak.

Nytt manøvreringsreglement, post 1 i vilkåra, følger som vedlegg til dette vedtaket.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Bakgrunn for vedtak
 Nytt manøvreringsreglement, post 1.

Kopi til:

Arne Nielsen
Claus E. Nielsen
Fylkesmannen i Trøndelag
Haukvik Kraft-Smolt AS
Hemne kommune